Draumedag på Nåso

13.04.2009

Endeleg kom den perfekte dagen for ein tur på Ulvanåso.
Sjølv om måndagen var ein heimreisedag for mange påskegjester. var det stor interesse for å nå toppen på 1.250 meter over havet, fortel Kristian Bringedal.

Han har teke desse to bileta og held fram:

- Turen på denne tida av året går som oftast opp frå Tveitedalen via Dyrrindo og Snøholo mot toppen Høgetenen.
Særleg vakkert er det om ein legg turen bortom Øktardalstind.
Varden var godt synleg og godt er det. Då veit ein at ein er på fast grunn.

Det er jamt over noko mindre snø i år, men likevel nok til å få mange fine turar på ski til Ulvanåso enno, seier Bringedal.